



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE  
Opplæring

# Lærling?

Slik får du lærekontrakt



### **Kva kan du sjølv gjere for å få lærekontrakt?**

- Start NO!
- Det er først og fremst ditt ansvar å skaffe læreplass.
- Din eigen innsats er av stor betydning.
- Vere aktiv, ta kontakt med bedrifter og opplæringskontor. Følg opp denne kontakten.
- Du kan gjere førehandsavtale med bedrifter, for eksempel etter ein utplasseringsperiode.
- Bruk nettverket ditt, f.eks. slekt, vener, naboar, og fortel at du er på jakt etter læreplass.
- Følg med i aviser og søk informasjon om bransjar og bedrifter på Internett.
- Ver tilgjengeleg på telefon og oppgitt adresse. Du oppnår ikkje læreplass dersom bedriftene ikkje får tak i deg.
- Møt godt førebudd til jobbintervju.
- Hugs at du må avleggje ny eksamen i fag du ikkje har bestått.
- Søk om læreplass til Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Opplæringsavdelinga før 1.mars (evt. 1 februar) på [www.vigo.no](http://www.vigo.no).
- Du finn nyttig informasjon på [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no) og i våre informasjonshefte.
- Registrer deg på [www.vigo.no](http://www.vigo.no) sjølv om du allereie har ordna deg læreplass.

### **Kvar er lærebedriftene i Sogn og Fjordane?**

- Oversyn over godkjende lærebedrifter finn du på [www.sf-f.kommune.no](http://www.sf-f.kommune.no) klikk **Opplæring** og vel **fagopplæring i bedrift**
- Bedrifter som ikkje står på den lista, kan og ta inn lærlingar, men dei må søkje fylkeskommunen om godkjenning som lærebedrift.
- Opplæringskontora i fylket har mykje nyttig informasjon om moglegheiter for læreplass. Oversyn over dei ulike opplæringskontor finn du og på [www.sf-f.kommune.no](http://www.sf-f.kommune.no) under **Opplæring** og **fagopplæring i bedrift**

### **Kva legg lærebedrifter vekt på når dei tilset lærlingar?**

- førsteinntrykket er viktig
- lite fråver
- initiativ til jobbsøking, skriftleg søknad, personleg oppmøte
- tydeleg interesse for faget
- haldningar
- serviceinnstilling
- karakterar

### **Kva gjer fylkeskommunen og lærebedriftene**

- Fylkeskommunen v/Opplæringsavdelinga sender lister over søkjarane til alle godkjende lærebedrifter og opplæringskontora i Sogn og Fjordane i mars/april.
- Lærebedriftene avgjer sjølv om dei ønskjar lærling, og kven dei vil tilsetje.

### **Kva med læreplass i andre fylke?**

- Du må søkje Opplæringsavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune sjølv om du ønskjer læreplass i anna fylke.
- Kontakt dei aktuelle fylkeskommunane for å få oversikt over godkjende lærebedrifter og opplæringskontor du kan søkje til.
- Sjølv om du ønskjer eller har skaffa deg læreplass i anna fylke, må du søkje i heimfylket på [www.vigo.no](http://www.vigo.no) innan søknadsfristen.
- Meld frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Opplæringsavdelinga når du har gjort avtale om læreplass.

### **Gi beskjed dersom du endrar adresse eller telefonnummer!**



## SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkeshuset

Askedalen 2, 6863 Leikanger

Telefon: 57 65 61 00

Telefax: 57 65 61 01

E-post: [postmottak.sentraladm@sf-f.kommune.no](mailto:postmottak.sentraladm@sf-f.kommune.no)

[www.sf-f.kommune.no](http://www.sf-f.kommune.no)